



# EIDANGER JEGER OG FISKERLAG

Stiftet 4. desember 1950

Org.nr: 992 721 626



Referat styremøte EJFL den 14.04.2021 kl. 18.00

**Sted:** Teams  
**Til stede:** Tommy Løberg Pedersen, Kjell Vidar Omsland, Thomas Naper, Joakim Lunde, Rune Lauritzen, Øyvind Ranheim, Ronny Hansen, Aina Skjerdal Leines  
**Forfall:** Ingen  
**Referent:** Aina Skjerdal Leines

Sak nr.	Saker til behandling:	Ansv.	Frist
23/21	<b>Godkjenning av innkalling og dagsorden</b> Ingen merknader		
24/21	<b>Gjennomgang og godkjenning av referat frå 10.03.21</b> Ingen merknader		
25/21	<b>Økonomi:</b> Disponibel saldo pr. dags dato: 553 726,- Det har blitt gjort det som har blitt bestemt på bana. Dei store summene har stort sett gått til Lia Trelast.  Småsummene er overføringar mellom internkontoar.  Tommy vil snakke med regnskapsfører Morten ang. pris for regnskap. Det er uaktuelt å betale 100.000, - i året for dette, så viss det blir for mykje fram og tilbake så kuttar foreningen ut eigen regnskapsfører.  Frå 1. mars har det gått 279.000 ut frå konto. Det har ikkje kome så mykje inn grunna lite aktivitet på bana.  Når det gjeld fullmakter på store innkjøp, må leiar og utvalsleiar godkjenne summar over 25.000. Innkjøp med sum over 50.000, - skal godkjennast av styret.		
26/21	<b>Runde rundt bordet:</b> <b>Aina:</b> Under bålkvelden damene hadde sist, blei det ytra ønske om egne riflekveldar for damer med moglegheit for å skyte obligatoriske prøveskot + storviltprøven. Dette blir satt til onsdag 21.04, 28.04 og 05.05. Aina og Joakim skal snakke meir om dette. <b>Joakim:</b> Det er problemer med å tak i dei rette delane til den nye terminalen, Verifone 400. Har ellers fått god avtale som gjer at me kan selje rifleammo til gode prisar. Kim kjem opp i morgon og loddar dei to siste blinkane.		

	<p><b>Øyvind:</b> Hundegruppa har i morgon siste kursdag på ettersøk. Mandag begynner blodsporkurs på Lannerheia. Dette blir 6-7 kvelder. Rune, Eddie og Øyvind er instruktører. Det blir moglegheiter til å gå opp til prøve.</p> <p>Sal av hundefór blir avvikla og blir solgt til medlemmar til innkjøpspris</p> <p><b>Rune:</b> Det jobbast jevnt og trutt oppe på Lannerheia. Dugnadsgjengen er stabil og jobbar alt frå 1-5 timar pr dag.</p> <p>Et firma vil leie areal av Lannerheia for 28.000, - (nede v/tunellen). Arbeidet dei vil gjera der oppe gjer at me blir meir skjerma frå E18.</p> <p>Rune har fått tilbud på blåsemaskin som eigentleg kostar 12.000, - til rundt 9.000, -. Denne brukast til å samle plastproppar og halde området reint og ryddig.</p> <p>Rune har også fått pris på miljøduer frå England til 74 øre pr due ferdig levert. Kan bestille kva duer me ynskjer, alle til same pris.</p> <p>Rune kan skaffe god gjerdesag frå Multibygg for 4000,-. Istaden for betaling ønskes det duer.</p> <p>Rune får godkjenning til å kjøpe seg ny stikksag sidan han har ødelagt sin eigen på bana.</p> <p><b>Kjell Vidar:</b> Etterlyser litt lys på bana om kveldane når det ikkje er aktivitet.</p> <p>Kjell Vidar og Tommy skal montere opp overvåkingskamera på Lannerheia.</p> <p><b>Tommy:</b> Har fått ansvaret for å printe og lamminere lappar med opplysning om munnbindpåbod på bana</p>		

Møte hevet kl. 19.25